



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 84 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 4. april 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Etter Grunnlova § 75 bokstav i kan Stortinget mellom anna innvilge pensjonar frå statskassa.

I samband med søknader om pensjonar frå statskassa er departementet gitt fullmakt til fortløpande å ta stilling til søknader om pensjon, med atterhald om Stortingets endelege godkjenning. I proposisjonen her blir det lagt fram ei liste over pensjonar som departementet mellombels har innvilga i 2024, og som departementet no ber om Stortingets endelege godkjenning av.

Ein omtale av ordninga med pensjonar av statskassa og om dei pensjonane som denne proposisjonen gjeld, er gitte i punkt 2.

I 2024 blei det utbetalt 17 748 855 kroner i pensjon av statskassa. I statsbudsjettet for 2025 er det løyvt 18 800 000 kroner på kapittel 611 Pensjoner av statskassen.

2 Omtale av ordninga

Pensjon frå statskassa er ikkje ei pensjonsordning i vanleg forstand, med opptening gjennom medlemskap. Det er ei særordning som gjev Stortinget høve til, ut frå ei vurdering av om det er rimeleg, å gi ei pensjonsyting til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar på vanleg måte. Pensjonen byggjer ikkje på rettskrav, lov eller forskrift, og blir gjerne omtala som gåvepensjon.

Proposisjonen no gjeld lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar. Namna deira er i proposisjonen erstatta med enten kvinne eller mann av personvernomsyn. Tenestestaden er òg tatt ut. Om ønskeleg kan Stortinget få tilsendt lista over namna og tenestestaden deira. Dei lokalt tilsette er i hovudsak sjølv borgarar i landet der dei arbeider.

I følgje utanriksinstruksen, skal lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar sikrast gjennom lokale trygde- og forsikringsordningar: «*lønns- og arbeidsbetingelser skal nedfelles i en arbeidskontrakt som skal være i samsvar med tjenestelandets lover og regler. Lokalt ansatte skal sikres gjennom adekvate lokale trygde- og forsikringsordninger.*»

Dei aller fleste lokalt tilsette er i dag omfatta av lokale ordningar. I nokre tilfelle kan det likevel hende at det ikkje finst lokale ordningar, eller at dei aktuelle ordningane ikkje sikrar dei tilsette tilstrekkeleg. Tilhøve i tenestelandet, til dømes politisk uro, høg inflasjon og stor uvisse med omsyn til bank- og forsikringsordningar, kan òg føre til at vedkomande ikkje får den ytinga som han eller ho har opparbeidd seg rett til ved alderdom, uførleik eller tap av forsørgjar. I ein slik situasjon kan utanriksstasjonen søkje om pensjon frå statskassa på vegne av vedkomande.

Eventuell yting frå lokal pensjonsordning skal kome til frådrag i pensjonen frå statskassa. Lokale ytingar som blir utbetala månadleg, blir i hovudsak samordna som pensjonar frå norsk offentleg tenestepensjonsordning. I staden for månadlege

utbetalingar, er det i nokre land vanleg at pensjonen blir betalt ut som eit eingongsbeløp ved pensjonering. Slike ytingar kjem til frådrag i pensjonen ved at tidspunktet for utbetaling av pensjon blir utsett.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pensjonar frå statskassa.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om pensjonar frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om pensjonar frå statskassa

I

Opplysningar om søkjar			Pensjon			
Nr.	Kjønn	Alder ved avskjeden (for etterlatne, noverande alder)	Vedteke	Pr. mnd.	Gitt frå	Merknad
<i>Utanriksdepartementet</i>						
1	Kvinne	67 år	09.01.2024	2 år og 10 mnd. tilleggstid	01.08.2023	Manglande opptening i SPK
2	Kvinne	60 år	09.07.2024	691	29.09.2020	
3	Mann	60 år	21.10.2024	2 599	01.05.2028	
4	Kvinne	60 år	12.11.2024	10 570	01.11.2025	
5	Kvinne	60 år	21.11.2024	1 461	01.08.2024	
6	Mann	60 år	25.11.2024	7 634	01.09.2024	
7	Mann	60 år	13.12.2024	7 312	01.05.2028	
8	Kvinne	56 år	18.12.2024	1 516	01.03.2027	Etterlatne- pensjon
9	Mann	62 år	18.12.2024	143	01.04.2025	
10	Kvinne	86 år	18.12.2024	2 970	01.02.2024	Etterlatne- pensjon
11	Mann	65 år	19.12.2024	848	01.10.2024	
12	Kvinne	60 år	22.12.2024	1 049	01.02.2025	

